ALVER KOMMUNE

Didrik Håland Solberg
Radøyvegen 3065
5939 SLETTA

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Tone Furustøl | 24.04.2023 |
| Vår: 22/6615 - 23/30846 | tone.furustol@alver.kommune.no | |

# Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 415/8 Nordanger

**Tiltak:**
**Byggjestad:** Gbnr: /
**Tiltakshavar:**
**Ansvarleg søkjar:**

Klage på delegert vedtak av 17.10.2022 om frådeling av om lag 0,93 da frå gbnr 435/8 med etablert våningshus, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 15.03.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

> **«APM- 039/23 Vedtak:**
> Klagen frå tiltakshavar i sak 22/6615, datert 03.11.2022, vert i teken til følgje. Det delegerte vedtaket av 17.10.2022 vert difor ikkje opprethalde og det nye vedtaker vert:
> «Med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve løyve til frådeling av om lag 0,93 da på gnr. 435, bnr. 8 i Alver kommune.
> Areal, plan og miljøutvalet legg til grunn at ei frådeling etter jordlova vil styrke busettingsomsynet i denne delen av kommunen, og det vil vere i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke for Alver kommune.
> Utvalet meiner vidare at frådelinga ikkje vil vera til vesentleg ulempe for landbrukdrifta på staden, og viser til at bustadtomta ligg tett opp til fylkesvegen,i utkanten av tunet, og at den viktigaste driftsområdet i tunet ligg nord for våningshuset på haugen.
> Vidare vil ein vise til at det ikkje går med landbruksareal ved omsøkt frådeling.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Tone Furustøl |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Klage på avslag på søknad om frådeling etter jordlova - gbnr 415/8 Nordanger
Klage på avgjørelse gbnr 415/8
Avslag på søknad om deling og dispensasjon etter jordlova - Gbnr 415/8 Nordanger
Tegning på flyfoto
Tegning i Kart
Disp. soknad

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Didrik Håland Solberg | Radøyvegen 3065 | 5939 | SLETTA |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Didrik Håland Solberg | Radøyvegen 3065 | 5939 | SLETTA |